

## Leiar



### **Synne Røthe Sandal**

Synne Røthe Sandal, 20 år og kjem frå Lofthus. Eg har vore aktiv i Bjødnabykse 4H frå eg var 9 år og fram til eg fekk plaketten og blei medlem i H.A.N.S.A. No har eg vore i fylkesstyret i 1 år som leiar. Tidlegare har eg arrangert fylkesleir, vore kursadministrator to gongar på superkurs og vore leiar på nordisk leir i Danmark i 2019. Eg flytta til Bergen for å gå interiørinja på vidaregåande skule og no studerer eg Serviceledelse på Høgskulen Kristiania i Bergen. På fritida går det i 4H, vera sosial og jobb.

## Styremedlem- skrivar



### **Agnete Flatnes Skarveland**

Eg heiter Agnete Flatnes Skarveland, er 17 år og kjeme frå Lid 4H. Lid 4H er ein klubb i Sveio i Sunnhordland, og denne klubben er eg leiar i. Eg har tidligare vore styremedlem og hatt eit par år som leiar i klubben. Eg er fødd og oppvokst på gard og jobbar som avløyser heime på garden. Nå går eg på VG2 studiespesialiserande på Skeisvang vidaregåande skole. På fritida er eg gjerne med venner og eg er glad i friluftsliv. Hobbyane mine strekker seg frå sying til traktorkjøring.

## Styremedlem



### **Anna Trå**

Eg heiter Anna Trå og er 17 år.

Kjem ifrå Granvin og er medlem i Høymolen 4H. Eg går på Voss gymnas og jobbar på Coop marked Granvin.

Det siste året har eg vore nestleiar i fylkesstyret.

## 1. vara



### **Marius Instanes Opedal**

Alder 20

Heimplass-Hardanger/Lofthus

Klubb-Hårteigen 4H/HANSA

Var 1. vara i fylkesstyret i 2020

Skule- gått Flyfag, no lærling som helikoptermekanikkar

Hobby-Friluft og mekking

## 2.vara



### **Steffen Stråtveit**

Eg heiter Steffen Stråtveit, er 15 år og kjem frå Voss.

Eg går i Bordalen 4H, som er ein aktiv klubb med over 50 medlem, der eg har vore nestleiar og kasserar i fleire år. No driv eg å utdannar meg til kursinstruktør for 4H, i verva kasserar og leiar.

Eg går på Voss ungdomsskule, men skal søkje bygg til hausten. Eg likar fysisk arbeid og er mykje ute og jobbar, køyrer cross eller går ein fin tur

## 3. vara



### **Lisa Jonetta Ølvestveit**

Eg heiter Lisa Jonetta Ølvestveit og er 18 år.

Eg kjem frå Åkra i Kvinnherad, og har tidlegare vore med i Solglimt 4H.

Eg går TAF helse på Fusa vgs, og på fritida likar eg å gå fjellturar

## Kontrollnemnd



### Elin Klette

Eg heiter Elin Klette og kjem frå Voss.

Plaketten min mottok eg i Skulestad 4H. Der var eg klubbrådgjevar nokon år etterpå.

Frå 1994 – 2000 sat eg som representant frå 4H Hordaland i landsstyret (Turid eg trur årstala stemmer?),

Veldig spennande arbeid.

Opp gjennom åra har eg vore med på mykje spennande i 4H samanheng; kurs, leirar, nordisk utveksling til Island og to gonger

på besøk til 4H Gambia.

No er eg klubbrådgjevar i Raggsockkjen 4H, ein av 8 klubbar på Voss. Raggsockkjen er ein ein klubb med ca 30 medlemmer.

I fritida likar eg å gå turar både sommar og vinter, og eg er glad i handarbeid.